



Maurtua Barnehage Bømlø SA

# ÅRSPLAN 2019-2021

EIN GOD START!



Skal bidra til auka livsgleda  
og livsmeistring hos barna!

## Innholdsfortegnelse

VELKOMMEN TIL MAURTUA BARNEHAGE BØMLO SA. ....	2
1.0 ÅRSPLAN FOR MAURTUA BARNEHAGE BØMLO SA. ....	3
2.0 PEDAGOGISK PRAKSIS I MAURTUA BARNEHAGE.....	4
2.1 Livsmeistring.....	4
2.2 Satsingsområdet vennskap og fellesskap. ....	5
2.3 Satsingsområdet kommunikasjon og språk .....	7
2.4 Satsingsområdet; helse. ....	9
2.5 Omsorg, lek, danning og læring. ....	11
2.6 Arbeidet med rammeplanen sine fagområde.....	11
3.0 OVERGANGER .....	12
3.1 Når barnet tek til i barnehagen - ein god start!.....	12
3.2 Overgangen i frå 0-5 års avdeling til 5-6 års avdeling. ....	13
3.3 Overgangen frå barnehage til skule/ samarbeid med skulen.....	13
4.0 PLANARBEID, VURDERING OG DOKUMENTASJON.....	14
4.1 Planlegging, vurdering og dokumentasjon.....	14
4.2 Foreldresamarbeid og foreldremedverknad. ....	15
4.3 Barn sin medverknad.....	15
4.3 Progresjonsplan for omsorg, lek, læring og danning. ....	16
4.4 Progresjonsplan for fagområda i rammeplanen. ....	18
KONTAKTINFORMASJON.....	22

## VELKOMMEN TIL MAURTUA BARNEHAGE BØMLO SA.

**Maurtua Barnehage Bømlo SA** (heretter kalla Maurtua Barnehage), er ein ikkje-kommersiell barnehage, eigd av dei foreldra som til ein kvar tid har barn i barnehagen vår. Barnehagen blir drifta utan anna økonomisk motiv, enn det å ha god kvalitet og sikker drift. Dette gjennom nok og kvalifiserte tilsette, vikarar ved behov og elles gode fasilitetar og utstyr. Eventuelle driftsoverskot blir reinvestert til det beste for barna i barnehagen. Med bakgrunn i dette er det investert i nye og oppgraderte barnehagebygg, to gymsalar og gode uteleikeplassar. Maurtua Barnehage er nærmaste nabo med Svortland Skule, men har barn frå heile fire andre skular i vårt nærmiljø. Idrettspark og idrettshall er og naboar til oss.

**Våre to gymsalar** og det flotte naturområdet me har rundt oss, blir dagleg nytta til leik, moro og utforsking.

**Visjon:** Maurtua Barnehage skal bidra til auka livsgleda og livsmeistring hos barna. Verdigrunnlaget er respekt, engasjement, tilhøyrslø og trivsel (RETT). Dette ligg til grunn for vårt daglege arbeid.

**Grunnsynet** vårt er at små og store lærer i eit samspel med kvarandre, noko som prinsippet om søskenavdelingar byggjer på. Maurtua Barnehage har i alle år hatt denne type avdelingar, noko både foreldre og tilsette har vore og er, svært nøgd med det. Maurtua Barnehage sine avdelingar er utforma slik at dei passar for barn i alle aldrar og med rom for å dela barna inn i alderstilpassa grupper der dei er. Der leikar og lærer barna i samspel med kvarandre, samstundes som dei får delta i leik, samspel og aktivitetar også i mindre grupper.

**Småbarna 0-3 år** blir skjerma og ivaretatt i alderstilpassa grupper på sin søskenavdeling. I denne perioden er barnet i ein stor utvikling på alle områder, og samstundes på sitt mest sårbare. Forsking viser at trygge tilknytte barn, har grunnlag for ei betre utvikling enn barn som ikkje er trygd tilknytte. Slik me ser det, er det då ein fordel for vidare tryggleik og utvikling at barnet slepp eit byte til «storbarns» avdeling i denne perioden, og i staden kan vera på same avdeling til det er rundt 5 år. Trygge, tilknytte barn blir glade i å utforska, og får eit godt grunnlag for gode sosiale dugleikar og til å regulera sine egne følelsar rimeleg raskt

**Før skulestart** har me siste året i barnehagen ein eigen avdeling for 5-6 åringane, heretter kalla Stormaur. Den siste tida før overgang til Stormaur, er oftast prega av stor forventning og «utolmodig» venting hos barnet. Dei gler seg! Maurtua Barnehage har no hatt dette fulldagstilbodet i 3 år. Evalueringar og tilbakemeldingar frå barn og foreldre gjennom desse åra, visar stor tilfredsheit med å ha eit eige «førskuletilbod» til 5-6 åringane våre siste året i barnehagen.

**Barn som treng ekstra støtta** får naudsynt pedagogisk, sosial og fysiske tilrettelegging som er nødvendig i eit likeverdig tilbod, på den avdelinga dei er. Me har tilsette med formell kompetanse og mange års erfaring til dette arbeidet.

### Anna:

- Opningstid frå 06.30-16.45.
- Foreldre betalar ikkje matpengar, og foreldrebetalinga elles ligg per i dag under makspris.
- Inkludert er alle måltid til barna (frukost, lunsj, ettermiddagsmåltid og frukt).
- Nyttar kid-plan app som ein av våre kommunikasjonskanalar med foreldre.
- Har klassifisering som trafikksikker barnehage. Trafikksikring blir tatt opp årleg på foreldremøte.

## 1.0 ÅRSPLAN FOR MAURTUA BARNEHAGE BØMLO SA.

Årsplanen er laga med bakgrunn i dei krava som rammeplanen set, og er ein arbeidsreiskap for personalet i Maurtua Barnehage.

Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal òg komme fram korleis barnehagen arbeider med tilvenjing av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen.

Rammeplanen for barnehagar s 39, men med styrar sine understrekingar.

Årsplanen er utarbeida av styrar, ut frå dei krav som rammeplanen set. Den pedagogiske praksisen med satsingsområde ut frå samfunnsmandatet som årsplanen omtalar, er utarbeida av teamleiargruppa i barnehagen og baserer seg på ynskje og vurderingsarbeid gjort av tilsette, foreldre og barn i barnehagen 2018-2019, saman med satsingar i Bømlø Kommune. Maurtua Barnehage sin lokale tilpassing for å oppfylle verdigrunlaget og samfunnsmandatet til barnehagen, er vist utover i årsplanen i kapittel 2 til kapittel 4.

Planen har vore på høyring hos personale og samarbeidsutval, og endeleg godkjent i samarbeidsutvalet 05.09.19.


## 2.0 PEDADOGISK PRAKSIS I MAURTUA BARNEHAGE

Rammeplanen sitt verdigrunnlag for barnehagen er barn og barndom, demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling, *livsmeistring* og helse. Dei skal formidlast og praktiserast i det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Samfunnsmandatet til barnehagen er i samarbeid og forståing med heimen å arbeida for rammeplanen sitt formål og innhald som er:

- Å vareta barna sitt behov for omsorg og leik (sjå punkt 2.5).
- Å fremja danning og læring (sjå punkt 2.5).
- Å fremja venskap og fellesskap (sjå punkt 2.2).
- Å fremja kommunikasjon og språk (sjå punkt 2.3).

### 2.1 Livsmeistring

Maurtua Barnehage sin overordna målsetjing er verdien livsmeistring. Dette er i tråd med visjonen vår om *livsmeistring og livsglede for barna*. Med dette målet (visjonen), skal personalet bidra til at barna trivst, opplever *livsglede*, meistring, får ei kjensle av eigenverdi, og med det førebyggja krenking og mobbing (rammeplanen s. 21). Ved hjelp av satsingsområda venskap og fellesskap, kommunikasjon og språk, og helse (sjå figur 1), skal Maurtua Barnehage arbeide for å nå målsetjinga om livsmeistring for barnet. Personalet skal i det dageleg arbeidet leggja til rette for eit godt samarbeid med foreldre/ føresette i sitt pedagogiske arbeid.




*Figur 1*

**BARNET SKAL HA DET GODT MED SEG SJØLV OG MED ANDRE!**

**Mål for barnet: Livsmeistring**

## 2.2 Satsingsområdet vennskap og fellesskap.



Figur 2

Maurtua Barnehage har valt å forsett ha ei satsing på vennskap, fellesskap og relasjonar . Å oppleve vennskap og å kjenna seg som ein del av fellesskapen, er ein av dei viktigaste føresetnadene for trivsel, *livsmeistring* og helse hos alle menneske. Det skapar begeistring, spenning, glede og engasjement, så vel hos barn som hos vaksne. Venner er personar me leikar med, som me har glede av å vera saman med og som me stolar på. Men vennskap handlar òg om forhandlingar, om å bli forrådt, sjalusi og intriger. Med andre ord handlar vennskap om kvaliteten i barns liv (Dunn, 2004).

Tilsette skal derfor arbeida med relasjonen til barnet, slik at kvaliteten i det daglege arbeidet styrjast. Til grunn for arbeidet ligg både lokale og sentrale føringar.

Fokusområda personalet skal arbeida med, er presentert i figur 2, og utdjupa på neste side.

**Mål for barna: Å etablere vennskap og gode relasjonar gjennom å bli sett og høyrte.**

### Barnehagen/ personalet skal bruke desse verktøya for planarbeidet og utføringa:

- Rammeplanen
- Maurtua Barnehage sin
  - Handlingsplan for mobbing
  - Implementeringsplan «være saman»
  - Kompetanse for mangfald
- Bømlo Kommune:
  - Inkluderande barnehage og skule.

**Autoritativ vaksenstil – «Være sammen»:** Maurtua Barnehage er med på Bømlø Kommune si satsing for målet om ein inkluderande barnehage og skule. Målet med satsinga er å heva kompetansen til alle tilsette i barnehagen, slik at kvaliteten i det daglege arbeidet med barna blir styrkja. Ein metode for å heva kvaliteten er modellen «være sammen», som alle barnehagane i Bømlø er i gang med å implementere. Forsking viser at dette er ein metode som skapar ein betre arena for vekst og modning hos barnet enn andre oppdragarstilar. Metoden handlar om at varme og tydelege vaksne set grenser på ein positiv måte i oppdragarrolla av barna, og på den måten skapar gode «være saman» miljø (sjå elles Maurtua Barnehage sin plan for implementering av «Være sammen»).

**Oppleve vennskap/ halde på venner:** Det er eit mål for Maurtua Barnehage at alle barn skal ha ein venn, kunne vera ein venn og bli i stand til å halde på vennskap over tid. Utvikling av vennskap og sosial kompetanse skjer i samspelssituasjonar (relasjonar) gjennom heile barnehagedagen – barnet lærer best gjennom eigne erfaringar og opplevingar, og personalet er autoritative gode rollemodellar. Personalet skal vera til stades i relasjonen med barnet med varme og positive grenser - > derfor er personalet i Maurtua gode leikekameratar og rollemodellar.


**Sosialt fellesskap:** Barna skal oppleva seg som ein del av eit sosialt fellesskap, og vera i positivt samspel med andre barn og vaksne. Ein må ha fokus på mangfald og gjensidig respekt. Dette er den gode barndom. Personalet skal vera aktive deltakarar for å leggja til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. «Maurtua samfunnet» er som andre samfunn også styra av nokre sosiale reglar. Å vera høfleg («folkeskikk») er ein del av det, og ein viktig del i utviklinga i eit sosialt fellesskap. Me seier «hei/god morgon, takk, vær så god, kan du senda meg, takk for maten, ha det/ takk for i dag». Me sit fint ved bordet, ryddar etter oss, pratar på ein «hyggjeleg» måte, hjelper kvarandre og respektera kvarandre sine ulikheitar.

**Førebyggja mobbing:** Barn i skulealder som blir utsett for mobbe-åtfærd fortel at slik åtfærd startar alt i barnehagen, og mobbetala har stått uendra i mange år. Dette tek Maurtua Barnehage på alvor, og skal arbeida for å førebyggja, stoppa og følgja opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster. Forsking viser at personale med ein autoritativ vaksenstil kan ha betydning for at ein skal lykkast med å få ned mobbetala. Det blir derfor lagt stor vekt på å implementere denne.

**Normer for samhandling:** Eit aktivt/engasjert og tydeleg personale er nødvendig for å skapa eit varmt og inkluderande sosialt miljø, og for at barna skal få dei verktøya dei treng for å utvikla vennskap og sosial kompetanse. Personalet er rollemodellar som skal arbeida kontinuerleg med å støtta og fremja/utvikla enkeltbarn og barnegruppa.

**Perspektivtaking:** Personalet skal støtta barn i å sjå andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire synsvinklar og reflektera over eigne og andre sine kjensle, opplevingar og meiningar. Ferdige materiell om sosial kompetanse som «Steg for steg», eller Kari Lamer sitt undervisningsopplegg for sosial kompetanse kan nyttast.

## 2.3 Satsingsområdet kommunikasjon og språk



**Figur 3**

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling.

Rammeplanen s. 23

Satsinga på kommunikasjon og språk, er viktig for barnet sin *livsmeistring*, og heng godt saman med Bømlo Kommune si satsing som språkkommune. Den heng og i saman med satsinga Bømlo Kommune har hatt på kompetanse for mangfald. Maurtua Barnehage har derfor valt å forsetja å ha ei overordna satsing på kommunikasjon og språk også i tida framover, i tråd med innhaldet og formålet i rammeplanen. Fokusområda som er valt i arbeidet med språk og kommunikasjon er presentert i fig 3, og utdjupa på neste side.

**Mål for barna: Å utforska og å utvikla språk og språkforståing**

### KOMMUNIKASJON OG SPRÅK:

Barnehagen/ personalet skal blant anna bruka desse verktøya for planarbeidet og det dagleg arbeidet:

- ✓ Rammeplan
- ✓ Maurtua Barnehage sin årsplan
- ✓ Bømlo kommune sine planar:
  - Kommunedelplan for oppvekst
  - Overgangsplan barnehage-skule
  - Strategi språkkommune



Språkmiljø: Personalet skal leggja til rette det fysiske miljøet, slik at leik og språk får gode tilhøve. Personalet sitt val av utforming av det fysiske miljø inne og ute og tilførsle av utstyr, påverkar leiken, aktiviteten og språkbruken til barna. I Maurtua Barnehage har me gode og tilrettelagte lokale, og gjennom bevisst planlegging skal målet om eit tilrettelagt og utviklande språkmiljø for alle barn i Maurtua Barnehage bli nådd.

Samtale med barn er ein svært viktig språkutviklande aktivitet. Personalet skal nytte rutinesituasjonar som; å laga mat, sjølv måltidet, påkledning, leik og aktivitetar, som utgangspunkt for samtalar med barn. Ein annan typisk aktivitet for samtalar, er frivillige bordaktivitetar. Dei stimulerer språket utover det som er her og nå, og det er viktig at tilsette involverer barna i denne typen samtalar.

Språkløype: Bømlo Kommune har utfordringar i høve til gode resultat på lesing. Det er derfor laga ein heilskapleg leseplan for leseopplæringa i kommunen og barnehagane er med i dette arbeidet. Dette blant anna gjennom satsinga på språkløyper som vart starta opp hausten 2017. Språkløyper skal styrke alle barn sin språk- og tekstkompetanse, og gjera personalet betre i stand til å identifisera og leggja til rette for dei barna med språk-, lese- og skrivevanskar. Materialet til «Språkløyper», som barnehagar og skular skal arbeida med, er laga av Lese- og Skrivesenteret.

Bøker og tekst: Maurtua Barnehage prioriterer innkjøp av nye bøker. Me har eigen innkjøpsansvarleg, som sjølv har ei stor interesse for dette fagområdet. Dette er til stor styrkje for barn og tilsette i barnehagen. Det er eit mål at alle barn skal bli lese for kvar dag, då fleire undersøkingar syner ein klar samanheng mellom høgtlesing for barn og for å påverka ein større aktivitet i dei delane av hjernen som er knytt til språkleg utvikling.

Språkleg mangfald: Maurtua Barnehage har barn frå mange land representert. Dette gjev oss eit språkleg mangfald i barnehagedagen. Det nonverbale språket og bablespråket, som er typisk hos dei aller minste – er og ein del av vårt språklege mangfald. Personalet skal vera bevisste på si rolle som språkleg og skriftspråkleg førebilde. Dei skal observera, fanga opp og støtta barn som er lite språkleg aktive, har sein språkutvikling eller har andre kommunikasjonsvanskar. Personalet bidreg til at språkleg mangfald blir noko positivt for heile barnegruppa, og støttar fleirspråklege i å nytta morsmålet sitt, samstundes som dei aktivt fremjar å utvikla den norsk språklege kompetansen til barna. Dei gjev samiske barn i barnehagen støtta til å bevare og utvikla sitt språk, sin kunnskap og sin kultur, uavhengig av kor i landet dei bur. Språkleg mangfald må sjåast på som ein viktig del av barn si *livsmeistring*. Maurtua Barnehage vil introdusera 4-5 åringane for engelsk, som ein del av det språklege mangfaldet

Leik: sjå progresjonsplan for leik.

*«Godt arbeid med språk i barnehagen vil blant anna si at en prioriterer tid til samtale, og en verdsetter barns deltakelse i samtale. Godt arbeid med språk innebærer også å lese bøker sammen, fortelle og inspirere barna til å fortelle. Godt arbeid med språk innebærer å lage kreative lekemiljøer hvor leken og språket får utfolde seg. Å legge til rette for språkutviklende aktiviteter er å bygge et godt språkmiljø for alle barn i barnehagen.»*

*Nasjonalt lesesenter i Stavanger*

## 2.4 Satsingsområdet; helse.




Fig 4

I løpet av småbarnsalderen tileignar barn seg grunnleggjande motoriske ferdigheitar, kroppskontroll og fysiske eigenskapar. Desse ferdigheitene er viktige for barnet si *livsmeistring* og sjølvbilete, men òg for å kunna delta saman med andre barn i leik og aktivitetar. Barna si fysiske og psykiske utvikling i tidlege år, er utgangspunkt for trivsel, leik og utfalding i barnehagekvardagen. Dette dannar òg på mange måtar grunnlaget for barnet si framtid. Det å ha ein sunn og sterk kropp, gjer det mogleg for barnet å kjenna meistring, glede og utfalding. Som rammeplanen peikar på, kan barnehagen leggja til rette for gode vanar, som kan vara livet ut. Helsedirektoratet sine nasjonale føringar i høve mat, rørsle og vaksinasjon er viktige arbeidsreiskap, og rammeplanen seier at personalet skal kjenna til desse for helsefremjande og førebyggjande tiltak som gjeld barn.

### HELSE

Barnehagen/ personalet skal blant anna bruka desse verktøya for planarbeidet og utføringa:

- ✓ Rammeplan
- ✓ Maurtua Barnehage sin årsplan.
- ✓ Rutinebeksrivelse mat i Maurtua Barnehage.
- ✓ Nasjonale føringar frå helsedirektoratet.

Fokusområda for å nå målet om god helse for barna er presentert i figur 4, og utdjupa på neste side.

**Mål for barna: God helse!**

### Erfaringar med og i naturen:

I vår barnehage skal barn og personale vera mykje ute i naturen. Dette fordi det er med på å gje barna eit leike og opplevingsmiljø, der barnet utviklar sine ferdigheit, får kunnskap og erfaring med ny leik. Dette er i stor grad helsefremjande arbeid, og er med på å gje barna kunnskap om årets gang, endringar i naturen og ei byrjande forståing for berekraftig utvikling. Barna får brukt kroppen og muskelgrupper på ein annan måte, slik at grunnleggjande motoriske ferdigheit blir betre. I tillegg får dei erfaringar og kunnskap om naturen, inspirasjon til utforsking og nytt leikemateriell. Naturen legg og til rette for bruk av reiskapar, målingar og teknologi. Barna skal gjennom eigne erfaringar forstå at handlingar i dag, har konsekvensar for framtida. Dette ved at barna lærer å gje omsorg og ta vare på omgjevnadane og naturen. Rammeplanen s. 49, seier at gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vara livet ut. Dei minste barna kan utforska og bevega seg i og rundt barnehagen, medan større barn også må få erfaringar med andre miljø.

Meistring: Personalet skal vera aktivt til stades og fremja motoriske ferdigheit og kroppsleg meistring hos barnet. Slik vil ein fremja barnet si glede ved å vera i rørsle, og gje motivasjon for å utfalda seg fysisk. Gjennom eit variert og utfordrande miljø for rørsle, sansing og kroppsleg leik ute og inne, skal personalet derfor leggja vekt på at barna får gode opplevingar i saman (knyta vennskap) og kjenner meistringsglede. Personalet skal arbeida med grunnleggjande rørsler som å rulla, krabba, krypa, klatra, hoppa, hinka, springa, og med balanse og koordinasjon for at barnet skal oppleve meistring. Gjennom observasjonen skal personalet leggja til rette for utviklande aktivitetar for det enkelte barn.

Fysisk aktivitet: Barnehagen skal i følgje rammeplanen s. 11, vera ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulera til rørsleglede og den motoriske utvikling til barna. I Maurtua Barnehage med sine store fysiske areal, to eigne gymsalar og omringa av mykje flott natur, har barnehagen god anledning til å gje barna gode fysiske opplevingar og vanar. Personale skal planleggja turar og aktivitetar slik at barna får varierte opplevingar og erfaringar blant anna med ulike typar rørsle. Helsedirektoratet sine nasjonale føringar skal gjelda. Dei små barna har best av å nytta avdelinga, uteleikeplass og fellesrommet til dette. Medan dei større barna kan nytta gymsalane og naturområda rundt. For dei større barna skal personalet òg leggja til rette for opp mot 60 minutt fysisk aktivitet og bevegelse, inne eller ute.

Matglede: Barnehagen skal i følgje rammeplanen bidra til at barna får gode vanar, haldningar og kunnskap når det gjeld kosthald, hygiene, aktivitet og kvile. Arbeidet med mat og måltid i barnehagen bør skje i nær forståing og samarbeid med barna sin heim. Barnehagen skal leggje til rette for at måltid og matlaging bidrar til måltidsglede, deltaking, samtalar og kjensla av fellesskap hos barnet. For at barnet skal oppleve matglede, skal personalet arbeida etter dei nasjonale føringane for kosthald i barnehage og nytta Maurtua Barnehage sin rutine for måltid i barnehagen. Sjå elles Helsedirektoratet sine anbefalingar.

Hygiene: Barna skal lære seg god vanar og haldningar til hygiene, som handvask før og etter rutinesituasjonar som før måltid og matlaging, etter do-besøk, ved snue i handa etc. Dette er med på å ta vare på deira og andre barn si helse.

## 2.5 Omsorg, leik, danning og læring.

Til grunn for arbeidet med vår pedagogiske praksis, har Maurtua Barnehage utarbeida ein progresjonsplan som viser korleis barnehagen skal arbeida med å ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, og for å fremja læring og danning. Dette fordi barna sin modning eller trinn i utvikling krev ulik handling og tilrettelegging frå våre tilsette. Små barn har til dømes eit anna behov for omsorg og leik enn større barn, og personalet skal fremja læring og danning gjennom tilrettelegging av det pedagogiske innhaldet tilpassa barnet sin modning.

Progresjon er framsteg – ein prosess me skal leggja til rette for gjennom vårt val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av eit allsidig fysisk leike- og læringsmiljø tilpassa alle barn. Gjennom gjentatte repetisjonar lærer barnet og kjenna igjen og å meistra. Når barna har opplevd meistring på eit område, er dei klare for å læra meir. Dette skjer ved å leggja nye element til det kjente, og på den måten bidra til ny læring og stadig utvikling. Det er dette prinsippet vår progresjonsplan for omsorg, leik, læring og danning byggjer på (sjå side 16 i årsplanen).

## 2.6 Arbeidet med rammeplanen sine fagområde.

Som hjelp i den modningstilpassa opplæringa og for å sikra den nye rammeplanen sine krav til formål og innhald, har Maurtua Barnehage laga ein progresjonsplan for fagområda som og er sett i samanheng med skulen sin læreplan. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda, og barnehagen bruker ulikt materiell og utstyr, inkludert teknologi og digitale verktøy.

Progresjonsplanen for fagområda skal nyttast som ein arbeidsreiskap i arbeidet for å oppfylla rammeplanen sitt krav for å fremja læring og danning, og etter vår definisjon; livsmeistring. Kvart barnehagetrinn (modning hos barnet), skal ha nye erfaringar og opplevingar – samstundes med at noko gjentek seg. Altså skal ein bidra til at barna får meistringsopplevingar – samstundes som dei har noko å strekkja seg etter. Arbeidet (leiken) med fagområda, er innvevd i kvarandre. Dersom ein til dømes arbeidar med fagområdet kropp, rørsle, mat og helse, arbeidar ein samstundes med fagområdet kommunikasjon, språk og tekst og gjerne også mengd, rom og form (sjå progresjonsplan for fagområda s 18).

## 3.0 OVERGANGER

### 3.1 Når barnet tek til i barnehagen - ein god start!

**Ei god tilvenning** i barnehagen er viktig for at barna skal få nok tryggleik til ein god start i barnehagen. Førebuinga til ein god start for barnet, tek til alt før barnet har byrja i barnehagen.

**Før barnet** tek til i barnehagen vår, sender me ut eit brev med informasjon om kva avdeling barnet skal gå på. I same brev vil foreldre og barn bli invitert til besøk. Foreldre får tilbod om ein førstegangssamtale med kontaktpedagogen til barnet, rundt oppstarten. Det gjev anledning til å utveksle nyttig informasjon om barnet med pedagogen, og ein kan i saman planleggja oppstarten slik at den bli mest mogleg trygg og god for barnet.

**Dei første dagane** treng alle barn at mamma/ eller pappa er i barnehagen. Oppstarten blir då organisert slik at det blir nok tid og rom til at barnet får god tilknytning gjennom å bli kjent og få etablert relasjonar til personalet og andre barn. På den måten får barnet nok tryggleik på sin veg til leik, utforsking og læring. Den første tida i barnehagen er det bra med korte dagar for barnet.

- ✓ Den første dagen bør føresette halda seg nær barnet og vera tilgjengeleg heile tida. Det er viktig for tilvenninga at foreldra aktivt er med på å introdusera det nye miljøet. Den første dagen varer gjerne berre eit par timar.
- ✓ Den andre dagen startar etter avtale med føresett og varer 4-5 timar. Personalet overtek meir av ansvaret for barnet, men framleis er foreldra med ved stell, måltid, legging. Foreldra bør etter avtale forlate rommet/barnet ei stund om gangen.
- ✓ Tredje dag blir planlagt etter avtale mellom føresett og personalet
- ✓ Utgangspunktet for vidare planlegging av tilvenninga, vil vera avhengig av korleis barnet har hatt det så langt.

Det er elles viktig at personalet oppmuntrar føresett til å sei klart i frå til barnet når ein går, og til å ikkje visa den usikkerheita me veit ein kan oppleva som forelder ved avskjeden. Då får barnet erfaring med at føresett ikkje går før ein har sagt i frå, og at dei kjem tilbake for å hente dei. Dersom foreldre viser usikkerheit når dei går, kan dette overførast til barnet slik at tilvenninga kan ta lengre tid.

### 3.2 Overgangen i frå 0-5 års avdeling til 5-6 års avdeling.

I overgangen til ny avdeling for 5-6 åringane, legg barnehagen vekt på at barna skal ha eitt personale dei kjenner godt frå før. Det blir organisert besøk til den nye avdelinga mot slutten av vårhalvåret, og personalet på avdelinga der barnet går, førebur barnet på overgangen så langt det er mogleg før dei tek til. Gjennom sommaren skal personalet i så stor grad som det er mogleg i ei ferieavvikling, gjera barna kjent med personalet som skal arbeida på ny avdeling.

Stormaur» er namnet på avdelingane våre for barn 5-6 år. Det å bli eldst i barnehagen og få gå på «førskuleklubb», er for barna ei stor hending! Barna har nedteljing og nær alle barna gler seg til dette. Kjenslene barna har ved overgangen til «stor» avdeling, kan spegla korleis barna kan oppleve overgangen til skulestart. Derfor er det godt at barna får øva seg litt i trygge omgjevningar, før dei skal over i skulen. Ved å observera overgangen i kjente omgjevningar, kan personalet på Stormaur førebu barnet betre fram mot skulestart.

Innhaldet og tilbodet på «førskuleavdelingane», er ein progresjon og vidareføring av innhaldet på 0-5 årsavdelingane. Barna på Stormaur er elles mykje ute å fartar i bilane vår rundt om på øya vår, og av og til litt lengre. Siggjotur er ein tradisjon, det same er deltaking på ein del kulturelle ting. Stormaur har eigen sommaravslutningsfest for barna og foreldra.

#### **OVERGANGEN FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE/ SAMARBEID MED SKULEN**

Barnehagen/ personalet skal blant anna bruka desse verktøya for planarbeidet og utføringa:

- ✓ Rammeplan
- ✓ Maurtua Barnehage sin årsplan og rutinebeskriving for overgang til Stormaur.
- ✓ Bømlo kommune sine planar:
  - Kommunedelplan for oppvekst
  - Inkluderande barnehage- og skulemiljø
  - Overgangsplan barnehage-skule
  - Strategi språkkommune

### 3.3 Overgangen frå barnehage til skule/ samarbeid med skulen.

Administrasjonen deltek på fastlagte møter med skulen og rektorar, og pedagogane deltek i nettverk i saman med 1. klasse lærarar og føl elles Bømlo Kommune sine planar (sjå tekstboks). Personalet på Stormaur øver med barna på ein del ferdigheit og aktivitetar barnehagen og skulane ser på som viktige før skulestart, for å førebu barna mest mogleg på overgangen. Dei er nemnd nedafor.

- ✓ Å bli sjølvstendige i ulike samanhengar.
- ✓ Mykje leik/aktivitetar med jamaldra barn.
- ✓ Bli kjent med barn frå same skulekrins.
- ✓ Trenar på overgangar mellom aktivitetar.
- ✓ Har fokus på språkutviklande aktivitetar.
- ✓ Gjev barna erfaringar med tal og bokstavar.
- ✓ Øva på blyantgrep.
- ✓ Kunnskap om førstehjelp og det å ferdast i trafikken.
- ✓ Vitja dei ulike skulane barna skal gå på.

- ✓ Gjere barna kjent med rim, regler, songar som dei vil møta att i 1. klasse.

## 4.0 PLANARBEID, VURDERING OG DOKUMENTASJON

Rammeplanen seier at barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverka i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen (s. 37).

### 4.1 Planlegging, vurdering og dokumentasjon.

Gjennom systematisk planlegging skal personalet i Maurtua Barnehage få eit grunnlag for å tenkja og handla langsiktig og systematisk i sitt pedagogisk arbeid. Lov om barnehagar og forskrifter til denne er grunnlaget for planarbeidet, og årsplanen til Maurtua Barnehage er bygd på dette. Dette er arbeidsreiskapen personalet skal bruka som grunnlag for detaljplanlegging på avdelinga si, slik at det blir kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga på avdelinga skal elles vera basert på personalet sin observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre. Foreldre og barn skal medverka i planarbeidet.

Med utgangspunkt i dette lagar personalet sin skriftlege individuelle «årsplan» for avdelinga. Denne skal sendes inn til leiinga i barnehagen, og blir så delt med resten av våre tilsette for refleksjon og utvikling av barnehagen.

For planlegging for enkeltbarn skal ein nytta kortare planar som til dømes månadsplanar. Bømlø Kommune sin «Stafettlogg» kan nyttast i samarbeid med foreldre – dersom det er ekstra viktig å arbeide med felles mål i barnehage og heim.

Innhaldet i enkeltdeler av halvårsplanen skal vurderast og reflekterast over på avdelingsmøta kvar 3. veka, og justerast etter behov. Ein grundigare skriftleg evaluering skal gjerast to gongar per år og sendast inn til leiinga. På den måten blir planen eit arbeidsreiskap for langsiktig og systematisk pedagogisk arbeid. Elles skal personalet planleggja dagen ut frå føresetnadane som er gitt den dagen, slik at det er rom for fleksibilitet og spontanitet.

Ei *vurdering* er medverkande til at barnehagen utviklar seg på ein medviten måte, og skal brukast til vidare planlegging og dokumentasjon. Vurdering blir gjort gjennom felles refleksjon over faglege og etiske problemstillingar. Maurtua Barnehage har 5 planleggingsdagar, avdelingsmøter, personalmøte, teamleiar møter og spesialpedagog møter som kan nyttast til dette. Refleksjon skjer og gjennom «her» og «no» situasjonar gjennom dagen.

Personalet skal *dokumentera* innhaldet i kvardagen gjennom bilete, prosjekt-dokumentasjon, barna sine egne uttrykk, plakatar og permar til kvart barn. Dei dokumenterer òg gjennom dei halvårlege evalueringsskjema som me har utarbeidd. Dette skapar igjen avklaringar og gjev grunnlag for planlegging.

## 4.2 Foreldresamarbeid og foreldremedverknad.

Foreldre er ekspertar på sine barn og har ynskje for sine barn. Gjennom eit tett og godt foreldresamarbeid, open kommunikasjon, respekt og forståing, vil Maurtua Barnehage ta vare på foreldre sin rett til medverknad for å ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal ivareta foreldresamarbeidet og foreldra sin rett til medverknad til planarbeidet gjennom:

- Dei daglege møta med føresette i hente- og bringesituasjonar.
- Skriftleg kommunikasjon (gjennom mail, kidplan).
- Førstegongssamtale når barnet tek til i barnehagen.
- Foreldresamtalar vår og haust.
- Samarbeidsutvalet og styret.
- Foreldreråd og foreldremøte på avdelinga.
- Foreldreundersøking.
- Informasjon/ dokumentasjon som blir hengt opp/ publisert gjennom heimesider/ tavler.
- Foreldremøte.

## 4.3 Barn sin medverknad.

Medverknad hos barnet er todelt og handlar om barnet sine moglegheiter til å medverka og til å delta i fellesskapet. Men det handlar også om å bli lytta til og å bli oppfordra til å uttrykkja egne ønskje, idéar og følelsar.

Førebudde samlingsstunder med same tema over tid, er gjerne ein stad der alle barn kan oppleva gleda og medverknad gjennom å vera ein del av eit fellesskap. Mange barn har dei reiskapa som skal til for å medverka, som språk, modning og status i gruppa, og gjev lett uttrykk for sitt syn. Andre barn har ikkje desse eigenskapane. Det er personalet sitt ansvar å oppmuntre og leggje til rette for at også desse barna får uttrykkja egne ønskjer, idear og følelsar. Samtalar med barnet spontant eller planlagt, observasjonar og foreldresamtalar, er viktige detaljar for at barn skal kunne medverka. På den måten kan alle barn jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagen si verksemd (som å bidra til årsplanen), slik at dei erfarer og få innflytelse på det som skjer i barnehagen.

Den daglege kontakten med foreldre og barn, i saman med vurderingar og innspel frå foreldre og tilsette, skal saman med barna sitt syn på barnehagen, danna grunnlag for alt planarbeid i Maurtua Barnehage. På den måten tek ein vare på foreldre og barn sin rett til medverknad.



### 4.3 Progresjonsplan for omsorg, leik, læring og danning.

<b>OMSORG</b>	<b>Alle barn skal:</b>	<b>Personale skal:</b>
<b>TRINN 1</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjenna seg trygge.</li> <li>• Kjenna seg sett.</li> <li>• Gje rom for å visa følelsar.</li> <li>• Oppleva trøyst ved behov.</li> <li>• Utvikla tillit til seg sjølv og andre.</li> <li>• Få dekkja sine fysiske og psykiske behov i størst mogleg grad.</li> <li>• Medverka til sin eigen kvardag.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Møta barnet på morgonen!</li> <li>• Leggje til rette for tryggleik og trivsel.</li> <li>• Tilby eit fang å sitje på.</li> <li>• Møta barnet med kjærleik og varme (autoritativ vaksenstil).</li> <li>• Visa omsorg i kvardagsrutinar som stell og måltid.</li> <li>• Snakka med barna, støtta ulike kjensler og setja ord på dei.</li> <li>• Vera fysisk og psykisk til stades for barna.</li> <li>• Gje rom for ro og kvile.</li> <li>• Leggje til rette for tilpassa leike og språkmiljø etter modning.</li> <li>• Ha tilgjengeleg tilpassa bøker, materiell, leiker.</li> <li>• Sikra gode relasjonar.</li> <li>• Leika med barna.</li> <li>• Møta barnet med fysisk berøring (klem, klapp).</li> <li>• Vise omsorg, forståing og respekt og «tommel opp».</li> <li>• Hjelp barnet til å uttrykkje ulike kjensler.</li> </ul>
<b>TRINN 2</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppleve vennskap.</li> <li>• Vera merksam på eign følelsar.</li> <li>• Visa empati.</li> <li>• Hjelpa kvarandre og trøyste kvarandre.</li> </ul>	
<b>TRINN 3</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Henta hjelp når ein treng det</li> <li>• Setja seg inn i andre sine kjensler og regulera seg etter dette.</li> <li>• Inkludera andre</li> <li>• Visa nestekjærleik</li> <li>• Gleda seg sjølve og andre</li> <li>• Barnet skal oppleva rett og tilpassa omsorg.</li> </ul>	
<b>LEIK</b>	<b>Alle barn skal:</b>	<b>Personale skal:</b>
<b>TRINN 1</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Erfara tur-taking-, parallell- og todlerleik, samspel, «titt tei»leik, konstruksjonsleik.</li> <li>• Bli nysgjerrig og visa interesse for det som skjer rundt.</li> <li>• Oppleva humor og gleda i varierte aktivitetar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Inneha nok kunnskap til å forstå viktigeita av leik/ leiken sin store verdi for barnet.</li> <li>• Leggje til rette for eit godt og tilpassa leikemiljø for leik med mange uttrykksformer.</li> </ul>
<b>TRINN 2</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Begynnande interesse for å leika med andre.</li> <li>• Begynnande rolleleik.</li> <li>• Dela og halde på leiker.</li> <li>• Vera i leik over litt tid.</li> <li>• Kunne aktivisera seg sjølv og invitere andre inn i leiken.</li> <li>• Meistra turtaking.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere til stede der leiken skjer.</li> <li>• Tilføra utstyr til leiken.</li> <li>• Bygge vidare på barna sine interesser.</li> <li>• Ta initiativ til leik, og aktivt bidra til at barn kjem inn leiken.</li> <li>• Lære barnet leikeregler.</li> <li>• Visa respekt for leiken – til dømes ikkje bryta opp ein god leik.</li> </ul>
<b>TRINN 3</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Meistra rolleleik</li> <li>• Vera meir sjølvstendig og tilføra utstyr til leik.</li> <li>• Kunna leikereglar, oppsøkja leik og få innpass i leik.</li> </ul>	

<b>DANNING</b>	<b>Alle barn skal:</b>	<b>Personale skal:</b>
<b>TRINN 1</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppleva seg som ein del av fellesskapet.</li> <li>• Sitja ved bordet ved måltid.</li> <li>• Dela med andre.</li> <li>• Bli kjent med avdelinga, og rutinar og normer.</li> <li>• Få erfaring med samlingsstunder/ den gode samtalen..</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere tydelege og trygge vaksne.</li> <li>• Gode rollemodellar ved å gå føre som gode eksempel på omsorg for andre.</li> <li>• Vere ein god samhandlingspartner og samtalepartner.</li> <li>• Anerkjenna og følgja opp barns perspektiv og handlingar.</li> </ul>
<b>TRINN 2</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få ei kjensle av å vera viktig for fellesskapen på avdelinga.</li> <li>• Utvikla god sosialkompetanse, og oppleva det positive med rutinar og normer i fellesskapet..</li> <li>• Erfara mangfald (sjå plan for kompetanse for mangfald)</li> <li>• Oppleva medverknad.</li> <li>• Meistra medgang og motgang.</li> <li>• Utvikla kunnskap og verdiar og haldningar.</li> <li>• Oppleva å bli anerkjent for den ein er.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vera tolmodig, og gje barna mange gjentakingar (høve til meistring).</li> <li>• Lære frå seg og forventta høflegheit tilbake av barna, god morgon, sei takk osv.</li> </ul>
<b>LÆRING</b>	Sjå årsplan for Maurtua Barnehage Bømlø SA 2019-2021, særskilt progresjonsplan punkt 4.4.	

#### 4.4 Progresjonsplan for fagområda i rammeplanen.

<b>KOMMUNIKASJON, SPRÅK og TEKST</b>			
	<b>Krav frå rammeplanen</b>	<b>Metode/ tiltak</b>	<b>Personale skal:</b>
TRINN 1	Læra nye ord. Bli kjent med songar, bøker, rim og regler. Ta språket aktivt i bruk for å uttrykke seg.	Korte samlingar  Lesar for barna kvar dag.	Lesar bøker kvar dag.  Byggja eit godt språkmiljø og leggja til rette for språkutviklande aktivitetar.
TRINN 2	Bruka språket aktivt til å byggja venskap, delta i leik og løysa konfliktar. Utvidar omgreps-forståing og ordforråd. Leika, improvisera og eksperimentera med rim, rytme, lydar og ord. Mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer.	Få barna til å lytta til lydar i språket. «Benevning»  Dramatisering Delta på biblioteket sine lesestunder.	Synleggjere skriftspråket i det fysiske miljøet, og nytta nynorsk norm.  Invitere til ulike typar samtalar (gode samtalar)  Tilby eit mangfald av bøker, songar bilete og uttrykksformer.  Synleggjere det språklege mangfaldet Dokumentere på veggene.
TRINN 3	Erfaring med ulike skriftspråkuttrykk. Utforsking av det munnlege språket og skriftspråket.	Bevisstgjera barnet på skriftspråket. Engelskopplæring. Læra å skriva namnet sitt – signera på eigne produkt.	

<b>KROPP, RØRSLE, MAT og HELSE</b>			
	<b>Krav frå rammeplanen</b>	<b>Metode/ tiltak</b>	<b>Personale skal:</b>
TRINN 1	Tileigna seg grunnleggjande motoriske ferdigheiter. Rørsleglede inne og ute året rundt. Oppleva motivasjon og meistring utifrå eigne forutsetningar. Innføra gode rutinar når det gjeld hygiene og sunt kosthald.	«Toddlergrupper». Handvask/ hygiene. Varierte sunne måltid. Ha gode rutinesituasjonar. Kvilestund. Bruka gymsalen. Pinsettgrep. Erfaring med ulendt terreng.	Kjenna og praktisera nasjonale anbefalingar for fysisk aktivitet og helse.  Legga til rette og vera til stades i barna sin leik.  Legg til rette for og motivera til varierte sanseintrykk og rørsleleik.
TRINN 2	Kunnskap om menneskekroppen. Utvikla bevisstheit om eigne og andre sine grenser. Gode vanar for hygiene. Bli kjent/bevisst med eigne kjensler. Grunnleggande forståing for at sunn mat bidrar til god helse. Vidareutviklar motoriske ferdighetar, kroppsbehersking, og koordinasjon.	Medverking i mat og måltidsaktivitetar. Frukt og grønnsaker til kvart måltid. Meistringsglede. Kroppsmedvit.  Lengre turar – vera uthaldande.	Gi barna kunnskap om viktigheita av gode vanar, kost, aktivitet og kvile.  Inspirera barna til å søkja fysiske utfordringar i forhold til alder og modning.
TRINN 3	Vurdera og meistra risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar. Positiv sjølvopfatning. Kunnskap om mat «typar». Matglede (innsikt)	Gjennomgå grunnleggjande førstehjelp. «Siggjo»-fjelltur  Meistre toalettbesøk sjølv.	Legga opp til fin og grovmotoriske aktivitetar.

## KUNST, KULTUR og KREATIVITET

	<b>Krav frå rammeplanen</b>	<b>Metode/ tiltak</b>	<b>Personale skal:</b>
TRINN 1	Utfolde seg med song, lyd og rytme. Blir kjent med fargar og ulikt formingsmateriale.	Læra barna enkle tradisjonsrike songar. La barna oppleva og få erfaring med ulikt materiell. Bruke musikk, drama og dans	Oppmuntra og leggja til rette for barna slik at dei får uttrykkja seg gjennom skapande verksemd og utvikla varierte uttrykksformer. Visa respekt og synleggjera arbeidet til barna på ein estetisk måte og skapa estetiske dimensjonar i barnehagen sitt  Stimulera til ulike typar lek. Syta for at barna har tilgang til bøker, bilete, instrument og utstyr til å kle seg ut med. Leggja til rette slik at barna har tilgang til sortert og oversiktleg formingsmaterieell, av ulik art. Samtala med barna om kunst og kultur – og gi rom for, støtte og berika deira bearbeiding av dette.
TRINN 2	Utviklar kreativ tenking og skaparglede	Læra dei tradisjonelle leikar/songleikar. Bruke instrument/rytmeinstrument. Tredimensjonal forming. Rikeleg og variert materiale og verktøy Erfaring med primærfargane. Oppleva ei teaterførestilling. «Kunstprosjekt» med barn.	
TRINN 3	Oppleva lokale, nasjonale og internasjonale kunst og kulturuttrykk.	Bli kjent med lokal biletkunst. Besøkja lokale kultur minner. Blyantgrep Klyppa etter strek. Utstilling på sommarfest.	

## NATUR, MILJØ og TEKNOLOGI

	<b>Krav frå rammeplanen</b>	<b>Metode/ tiltak</b>	<b>Personale skal:</b>
TRINN 1	Få gode opplevingar med friluftsliv. Konstruksjonsleik. Begynnande interesse for natur-, dyr- og planteliv.	Ute kvar dag (årstider og vær). God tid til undring  Verktøy og materiale for konstruksjonsleik.	Nytta naturen som arena for leik, utforskning og læring.  Vera gode rollemodellar, velja bøker og aktivitetar som fremjar respekt for alt liv (haldningsskapande)
TRINN 2	Glede over å ferdast i naturen Kjennskap til årstidene, og endringar gjennom året. Få kjennskap til vêr og klima. Kunnskap om dyr og dyreliv. Digitale verktøy til leik og læring.	Tema-arbeid/prosjektarbeid. Bruk av digitale verktøy.	Ta utgangspunkt i barnas nysgjerrigheit og medverknad og bruke tid til undring og refleksjon saman med dei for å finna forklaringar og samanhengar.
TRINN 3	Tidsomgrep Begynnande forståing for berekraftig utvikling. Miljøvern Kjennskap til menneske sin livssyklus. Utforska/ eksperimentera med fysiske lover og naturfenomen.	Naturvern og gjenbruk. Ulike eksperiment i fysikk, kjemi og biologi. Eksperimentere med teknologi. Kjennskap til IKT teknikkar og moglegheitar.	Gje barna kunnskap om livssyklusen, årets gang og endringar i naturen.  Søtta barna sin bruk av ulike digitale verktøy.

## MENGD, ROM og FORM

	Krav frå rammeplanen	Metode/ tiltak	Personale skal:
TRINN 1	Bruka kroppen og sansane til utvikling av romforståing. Begynnande kjennskap til ulike former og størrelsar. Bli kjent med talrekka 1 – 10.	Tilpassa leiker og fysisk miljø. Turtaking.. Orientering i barnhagen – vita kor romma er. Konstruksjonsleik/ klosseleik.	Bevisst bruka matematiske omgrep.  Vera med barna å spela spel, vedlikehalda og tilføra nye spel.
TRINN 2	Sortering i kategoriar. Begynnande forståing av samanhengen mellom mengde og tal.	Eventyr, regler, song/songleikar. Hengja opp talrekka og tal-mengda på avdelinga. Sortering/rydding Dekke bord.	Utnytta dei moglegheitene og det utstyret som trengs for å inspirera barna til matematisk tenking, blant anna ved matlaging/ bordekkning.  Legge til rette for matematiske erfaringar
TRINN 3	Utvikle forståing for grunnleggande matematiske omgrep. Kjenna talsymbol, måleiningar og målereiskap. Kjennskap til klokka og tidsomgrep, vekedagar, månader og årstider. Leikar og eksperimenterer med tal, mengde og teljing. Får erfaring med løysing av matematiske problem og oppleving av matematikkglede.	Ulike fysikkforsøk  Klassifisering  Spel og spelereglar.	Samtala, stimulera og støtta barna si evne i høve til å vera uthaldande i problemløysing.

## ETIKK, RELIGION og FILOSOFI

	Krav frå rammeplanen	Metode/ tiltak	Personale skal:
TRINN 1	Utviklar interesse og respekt for kvarandre.	Songar og forteljingar i religionar og livssyn representert på avdelinga.  Synge bordvers	Vera gode og trygge rollemodellar.  Synleggjera våre og samfunnet sine grunnleggjande normer og verdiar.
TRINN 2	Få kjennskap til grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon – og tileignar seg disse.	Tradisjonar og høgtider knytt til religion og livssyn på avdelinga. Påske/ julevandring. God tid til samtalar og undring	Vera bevisste på at barna kjem i barnehagen med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrse – og bidra til at barna også utviklar toleranse, interesse og respekt for dette.
TRINN 3	Bli kjent med religionar og livssyn representert i barnehagen.  «Perspektivtaking»  Få kjennskap til, undra seg, forstå og reflektera over grunnleggjande normer og verdiar.  Utvikla interesse, respekt og forståing for mangfald og for kvarandre.	Fremja forståing, ettertanke og toleranse om livsverda og levesettet til andre menneske (kompetanse for mangfald).	Identifisere verdikonfliktar i kvardagen

## NÆRMILJØ og SAMFUNN

	<b>Krav frå rammeplanen</b>	<b>Metode/ tiltak</b>	<b>Personale skal:</b>
TRINN 1	Utvikla eit godt sjølvbilete og oppleva at deira stemme/ynskje betyr noko. Bli kjent med nærmiljøet.	Gå småturar rundt i barnehagen og nærmiljøet. Ha fokus på familien.	Gjere barna kjent i og med nærmiljøet.
TRINN 2	Oppleva at gutar og jenter blir behandla likt. Kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon. Utvikla forståing for kulturelt mangfald, ulike levevis og ulike familieformer. Erfaring med å lytta, forhandla og diskutera	Turar – der barna er med å bestemmer turmålet.  Fotgjengarfelt, skilt og trafikkreglar, jmf. Bømlø ein trafiksikker kommune.  Barna med på å bestemma innhaldet på grautfest, familiemåltid osv.  Kulturformdiling.	Gjere barna kjent med samisk kultur.  Delta på lokale kulturhendingar.  Gje barna forståing av at dei er ein del av historia i et samfunn i endring.  Legga til rette for at barna skal kunna ta avskjed med barnehagen på ein god måte og gleda seg til å begynna på skulen.
TRINN 3	Kjennskap til menneskerettighetene. Bli kjent med lokalhistorie og lokale tradisjonar. Bli kjent i nærmiljøet og lærer å orientera seg og ferdas trygt.	Setje ting i perspektiv Markera FN-dagen Barnekonvensjonen Samarbeid barnehage-skule.	

## KONTAKTINFORMASJON

<b>Maurtua Barnehage</b>	<b>53 42 89 99</b>	<b>post@maurtua.org</b>
DAGLEG LEIAR	53 42 89 98	<a href="mailto:svanhild.holme@maurtua.org">svanhild.holme@maurtua.org</a>
NESTLEIAR	53 42 89 99	<a href="mailto:lene.sortland.nesse@maurtua.org">lene.sortland.nesse@maurtua.org</a>
ASS. STYRAR (R)	53 42 89 93	<a href="mailto:gro.hege.haldorsen@maurtua.org">gro.hege.haldorsen@maurtua.org</a>
Kristina Nesse	53 42 89 89	
FLYGEMAUR (R)	53 42 89 91/ 417 663 61	
SUKKERMAUR (R)	53 42 89 91/417 66 429	
DRONNINGMAUR (J)	53 42 89 92/ 417 66 353	
SMÅMAUR (J)	53 42 89 92/ 417 66 348	
SANDMAUR (J)	53 42 89 94 / 417 66 424	
SKOGMAUR (J)	53 42 89 94/ 417 66 421	
JORDMAUR (J)	53 42 89 95/ 417 66 394	
STORMAUR A	53 42 89 99 / 950 45 834	
STORMAUR B	53 42 89 99/ 950 43 768	